



Vonheim har hatt større inntekt enn utgift. Her er det juletefest. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Fristen for å søkja om kommunalt driftstilskot til lag og hus gjekk ut midt i februar og søknadane som har kome inn fortel at behovet for tilskot tildels er stort.**

**Her er eit samandrag av  
nokon av søknadane frå Uskedalsområdet:**

\* Uskedalen Unge Røyster/Fredagsforum, inntekter 3 629, utgifter 4743, utgifter til mat og drikke 1741.

\* Uskedal skulemusikk, inntekter 105 325, utgifter 120 597, utgifter til musikkinstrument og noter 10 215

\* Uskedalen ungdomslag, ungdomshuset Helgheim, inntekter 150 597, leigeinntekter 7 410, utgifter 124 612.  
Laget held på med eit omfattande vedlikehald og nyinstallasjonar og saldo på konto skal brukast til det i år. Laget må også ta opp nytt lån for å bli ferdig med oppgraderinga av huset. 132 695 er årdresultatet for 2011.

\* Uskedalen Utvikling, inntekter 23 693, utgifter 81 372

\* Uskedal idrettslag, inntekter 293 833, utgifter 248 179, utgift til husleige for Aktivitetshuset 57 000, til drift av to baner 66 321.

\* Vonheim forsamlingshus, inntekter 19 263, utgifter 13 076

Av Ola Matti Mathisen